


KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.comFrå innspelinga av *Mor* i Nidarosdomen. Foto: Morten Lindberg

Veksolverknad

Nidaros Domkor skaper einskap mellom fortid og notid.

CD



PETRA
BJØR-
KHAUG,
DOMENICO
SCARLATTI:

Mor

NIDAROS DOMKOR; DIR.: KAREN
HAUGEN OLSEN. 2L 2024

Stabat Mater, den latinske kyrkjehymnen frå 1200-talet som handlar om Marias klage over sonetapet, blir i katolsk liturgi framført 15. september. Han finst også i fleire norske omsetjingar; i *Norsk salmebok 2013* finn me Bernt Støylens fine «Under krossen stod med tåra». For mange er *Stabat Mater* einstyddande med Pergolesis mest kjende tonesetjing frå 1736. Men lista over andre komponistar som har teke teksten føre seg, er lang – frå Palestrina i renessansen til Arvo Pärt i vår tid.

Ein av dei mindre kjende tonesetjingane er av Domenico Scarlatti (1685–1757), som denne våren kjem i to nye innspelningar. Det spesielle med desse er at begge blandar den gamle komposisjonen med ein nyare. Eller meir eksakt: Det er tale om ein interpolasjon, der det nye er innskote i det gamle (annankvar sats).

SÅRMERKT

Meldinga av den fyrste innspelinga stod på prent i *Dag og Tid* 3. mai. Dette prosjektet, der Scarlattis versjon blei interpolert med Dvořáks tonesetjing av same hymnen, var ein kunstnarleg fiasko. Komposisjonane er for ulike,

og for å bøta på ulikskapen var det gjort vesentlege endringar i instrumenteringa, noko som svekte begge verka.

Mor er tittelen på den andre innspelinga, som er med Nidaros Domkor. Prosjektet deira fungerer betre. Scarlattis *Stabat Mater* står her fram i kraft av seg sjølv, altså i besetninga han komponerte for i 1715, som er tistemig kor og såkalla *basso continuo*, ei besifra bassline som på plata blir utført av cello og orgel.

Det nye verket som er interpolert, heiter *Sårmerkt* og er komponert av Nidarosdomens domkantor Petra Bjørkhaug. Ho spelar òg orgel på plata. Det nye vender seg muskalsk og poetisk på subtilt vis til Scarlattis 300 år eldre musikk. Eit kommentarverk, kan det kallast, der den klåre a cappella-klangen i *Sårmerkt* fungerer som lydleg sorbé mellom Scarlattis klangfulle satsar.

VEKSELVERKNAD

Poesien i *Sårmerkt* er skriven på god nynorsk av Ragnhild Jepsen, biskopen i Bjørgvin, som tidlegare var domprost i Nidarosdomen. Også teksten fungerer som kommentar til den latinske hymnen. *Sårmerkt* lèt seg sikkert også presentera som sjølvstendig verk, men i veksolverknad med Scarlatti står det nok sterkast.

Framføringa er fin, med ypparleg lyd kvalitet på opp-taket. Koret fraserer med jamn og fin flyt og tydeleg diksjon. Sjølv om sopranane enkelte stader slit litt med topptonane – i det snøgge, eksalterte partiet mot slutten av Scarlattis andresats «Cujus animam gementem» (spor 4), til dømes, intonerer dei for lågt – så svekkjer ikkje dette heilskapsinntrykket av eit originalt tenkt og overtlydande gjennomført album.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er muskar, musikkvitar og fast musikk-meldar i *Dag og Tid*.



Den sørgjande Maria, måla av
Tizian (ca. 1488–1490).



Lytt til artikkelen i DAG OG TID-
appen eller på dagogtid.no